



Kalking frå helikopter i fjor haust – i området som ikkje blir nådd av kalkdoseraren. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Uskedal Grunn- og Elveigarlag har no søkt miljøvernavdelinga hos fylkesmannen om tilskot til vidarekalking av elva. Laget ønskjer ikkje å endra kalkinga i 2008 samanlikna med tidlegare.

Storleiken til bestanden er god og fisken ynglar, blir det opplyst i søknaden. Det blir og opplyst at det ikkje er sett ut fisk i 2007 og at dei ikkje planlegg å setta ut fisk i år heller.

Det blir opplyst i søknaden at alle grunneigarane har gjeve løyve til kalking.

Om kalkinga i fjor vert det opplyst at den vart godt utført.

Leiar Kåre Vetrhus opplyser i søknaden at det vart selt 59 sesongkort og 84 andre kort i fjor.

Uskedalselva var ellers ei av fire elvar i landet som i 2007 vart sett på lista over norske laksevasdrag, fordi det er slege fast at dei har eller har hatt ein sjølvreproduserande bestand av laks.

Men sidan 1999 er talet på norske laksevasdrag redusert frå 667 til 450 fordi det er innført strengare kriteriar for kva som kan definerast som ein slik bestand.

Av Ola Matti Mathisen